

SAK 46/22 TILSKOT/SPONSORORDNING FOR IDRETTS- OG KULTURAKTIVITETAR

Saksopplysning:

I sak 38/20 om sponsormidlar, gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett (HKN) vil frå 2021 etablere ei felles tilskots/sponsorordning for idretts- og kulturaktivitetar i Hallingdal, der Regionrådet for Hallingdal administrera løysinga og der HKN løyver eit årleg tilskot til løysinga HKN deltek i saker der det skal gjerast vedtak om kven som får tildelt midlar.
2. Følgjande retningslinjer skal gjelde for ordninga:
 - Tilskot skal gjelde tiltak med mogelegheit å famne heile Hallingdal
 - Tilskot skal gjelde barn og unge
 - Enkeltpersonar kan ikkje søkje om tilskot
 - Tilskot skal profilere Hallingdal på ein positiv måte
3. Årleg beløp på kr. 300 000 blir disponert på følgjande måte
 - a. Kr. 100.000 til Hallingdal Fotballklubb er allereie disponert direkte av styret i HKN med bakgrunn i årleg samarbeidsavtale
 - b. Kr. 200 000 blir disponert av regionrådet i samarbeid med Adm. dir. i HKN. Dette beløpet kan det søkjast om tilskot frå, med søknadsfrist 1.mars.
4. Det skal haldast årleg evalueringsmøte av ordninga, mellom Regionrådet for Hallingdal og HKN, som regionrådet tek initiativet til.

Økonomi:

For 2023 har styret i Vidju A/S løyvd kr. 300 000 der 100 000 er øymerka HFK og at Regionrådet har kr. 200 000 til fordeling når HFK sin øymerka del er trekt ifrå. Det er 4 aktørar som har søkt om til saman kr. 310 000 i støtte.

- Hugnad UL: Folkedansopplæring på Hugnadheim på Torpo. Søker kr. 40 000
- Hallingdal Juniorspelemannslag. Folkemusikkopplæring. Søker kr. 70 000
- Fylkesleir 4H Nesbyen Søker kr. 25-50 000
- Skjærgårds Live Ål – skuleavslutning for alle 10. Klassingar i dalen Søker kr. 150 000 årleg

Vurdering:

Hugnad UL har drive opplæring i folkedans og song Hugnadheim på Torpo i 27 år, med deltakarar frå nesten heile Hallingdal. Det har vore god deltaking heile tida og dei siste 15 åra har det til ein kvar tid vore 50-60 unge i alderen 7 til 19 år med på aktivitetane. Det har vore litt lågare deltaking etter pandemien. I alle desse 25 åra er det Gunnlaug Lien Myhr og Martin Myhr som har stått for det pedagogiske arbeidet. Dette er den ein av få aktørar i Hallingdal som fører lokale dansetradisjonar vidare, og dei viser til god deltaking i ein aktivitet som går føre seg store delar av året.

Hallingdal Juniorspelemannslag vart starta i 2006 for å gje unge utøvarar på hardingfele i Hallingdal eit tilbod i tillegg til kulturskulane. Sidan dei kommunale skulane ikkje har tilstrekkeleg tilbod, har Hallingdal Juniorspelemannslag drive prosjektet Ung Halling sidan hausten 2018. Der driv dei opplæring i torader og langeleik, og støtteundervisning i hardingfele, samt prosjekt for folkesong, «Kvedarrekrutten For tida er det 5 elevar på hardingfele, 6 på toradar, 4 på langeleik, og kvedarrekrutten har 12 deltakarar. HJ søker om 70 000 i støtte, men har utgifter på over 170

00 pr. år. Då har dei gratis husleige og mykje dugnadsarbeid. Dette er ein aktør som har ført folkemusikktradisjonane i dalen vidare og dei viser til god deltaking i ein aktivitet som går føre seg store delar av året.

Fylkesleir 4H Nesbyen

4H sin fylkesleir går på Nesbyen 21-25 juni. Ein forventar 200 deltakarar og ca 100 frå Hallingdal. Dei søker støtte slik at dei kan få til eit variert leirprogram, der faglege aktiviteter gjennom ulike emnekurs er ein viktig del av arrangementet. Vidare blir det leik og moro for deltakarane, volleyballturnering og en aktivitet som bli kjent dag. Denne dagen skal også gi litt kunnskap om vertskommunen. Arrangøren har eit mål om å redusere kostnaden pr born frå kr 1200,- til halvparten.

Skjærgårds Live Ål (SG Live) har fleire gonger arrangert avslutningsfestival for alle 10. klassingar i Hallingdal, med god deltaking. På programmet har det vore konsert med ein toppartistar, aktivitetar, konkurransar og sal av mat. Festivalen har vore gratis for ungdomane. Det har vore mogleg gjennom støtte frå næringsliv, kommunar, ungdomsråd, Sparebankstiftelsen og legatmidlar. Ein rusfri avslutningsfest som alternativ til tidlegare, meir konfliktylte alternativ har vist seg å vera ein suksess. Arrangementet har eit budsjett på om lag 205 000 kr og det blir lagt ned mange dugnadstimar utover det. Det er ein seriøs arrangør som samarbeider tett med skule, FAU, foreldre, politiet, Røde kors mtp for å få gjennomført arrangementet.

Konklusjon:

Dagleg leiar vurderer det slik at dei 4 søknadane er i tråd med dei kriteriene som Regionrådet har sett for tildeling av midlar. Totalt er det søkt om kr 310 000 i støtte og me har 200 000 å gje ut. I forslag til vedtak vert det difor foreslått at alle søkjarane får noko, men at aktivitetar som går over heile året få ein større del enn dei arrangementa som går over 1-4 dagar. I vedtaksforslaget er det ikkje teke omsyn til SG Live sitt ønske om å få årleg støtte til sitt arrangement.

Sponsorordninga er ikkje annonsert og HFK er allereie prioritert frå styret i Vidju. Dette kan oppfattast som uheldig og dagleg leiar meiner at heile ordninga må sjåast på.

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet løyver sponsormidlane slik:
 - Kr 30 000 til folkedansopplæring i regi av Hugnad UL
 - Kr 70 000 til folkemusikkopplæring i regi av Hugnad UL
 - Kr. 20000 til Fylkesleir 4H Nesbyen
 - Kr. 80 000 til Skjærgårds Live Ål – skuleavslutning for alle 10. Klassingar i dalen
2. Det skal haldast årleg evalueringsmøte av ordninga, mellom Regionrådet for Hallingdal og Vidju, som regionrådet tek initiativet til.

Hallingdal, 27. mai 2023

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Søknad frå Hugnad UL:
- Vedlegg 2: Søknad frå Hallingdal Juniorspelemannslag.
- Vedlegg 3: Søknad frå Fylkesleir 4H Nesbyen
- Vedlegg 4: Søknad frå Skjærgårds Live Ål – skuleavslutning

Vedlegg 1

Til
Regionrådet i Hallingdal

Søknad om støtte frå «Sponsormidler kultur og idrett»

Hugnad UL har dei siste 27 åra drive opplæring i folkedans og folkemusikk med ungdomshuset Hugnadheim på Torpo som base. Sidan 2008 har vi hatt 5 dansegrupper og ei songgruppe med 18 ordinære øvingar kvart år. I tillegg har vi hatt ein del ekstra øvingar i samband med arrangementer og landskappleikar.

Dette har vore det einaste tilbodet til ungar og ungdom som vil læra seg å dansa gamaldans og springar. I tillegg til oss har Nes spel og dansarlag leigd inn underteikna til lausundervisning sidan 2008. Mange hundre frå 5 kommunar har i desse åra brukt tilbodet vårt. Nokon i kortare tid, men også mange har vore med frå 7-års alderen til dei har gått ut vidaregåande skule. 4 av «våre» har i dag Folkedansen og folkemusikken som heiltidsjobb.

Etter pandemien har vi hatt færre deltakarar. Noko som gjev mindre inntekt, men med dei same, eller auka, utgifter. No etter jul har det vore ein liten, men veldig gledeleg auke i talet på deltakarar. Erfaringa frå dei siste åra syner kor sårbart eit lite miljø er.

Hugnad UL har på mange måtar tatt ansvaret for at ikkje springartradisjonen i Hallingdal forsvinn. Og har også gitt ungdom kompetanse innan vals, polka, reinlender og andre dansar. Imatriell kulturarv forsvinn raskt utan kontinuerleg arbeid for å halde på kunnskapen. Særleg den delen av kulturarven som sitt i kroppar.

Hugnad UL søker Regionrådet i Hallingdal om kr. 40.000,- for å kunne halde fram med det gode arbeidet.

For Hugnad UL

Martin Myhr

Vedlegg 2

Til Regionrådet i Hallingdal

Søknad om støtte frå «Sponsorpotten til kultur og idrett»

Hallingdal Juniorspelemannslag har i ein del år no drive «kulturskule» for grunnopplæring i torader og langeleik i Hallingdal. I tillegg har vi samling kvar månad for hardingfeleelevar frå kulturskulane, og vi driv også prosjektet «Kvedarrekrutten» med unge songarar frå 4 av kommunane. I tillegg arrangerer laget Storhelg i Hallingdal kvart år i oktober. www.strhlg.no

Sidan dei nasjonale midlane vi hadde til grunnopplæring var prosjektmidler som no er borte, er laget heilt avhengig av annan finansiering for å kunne halde fram med tilbodet.

For tida har vi 5 elevar på hardingfele, 6 på torader, 4 på langeleik, og Kvedarrekrutten har 12 deltakarar.

Instruktørane fakturerer for undervisningstimar og eventuell reise/overnatting.

Dei årlege utgiftene er om lag 40.000 for torader, 30.000 for langeleik og 45.000 for hardingfele.

I vinter har vi fått støtte frå «Ung musikk» til å drifte Kvedarrekrutten.

«Rektor Myhr» har ikkje tatt betaling for søknadsskriving, organisering og planlegging dei siste åra, og Hugnad UL har lånt ut gratis hus til undervisninga. Eg tenkjer at her får vi mykje for pengane.

Hallingdal Juniorspelemannslag søker om **kr. 70.000** for å kunne halde fram med arbeidet. Samstundes ventar vi på at kulturskulane i Hallingdal skal prioritera lokal kulturarv på ein heilt annan måte enn dei gjer i dag.

Vil til slutt få nemne at undervisninga gjev resultat. Andrea Søgner frå Gol blir i vår ferdig med 3 års høgskuleutdanning ved akademiet i Rauland. Ho er den første i Hallingdal som har tatt slik utdanning med langeleik som hovudinstrument. Ho blir utruleg viktig i 10-åra framover for tradisjonen i Hallingdal. Og jamen ser det ut til at ein utøvar frå Hol vil gå same vegen til hausten.

Torpo, 14. april 2023

Martin Myhr

Vedlegg 3

Fylkesleir 2023 – Hallingmarken – Nesbyen

4H klubbene i Ål, Gol og Nesbyen er arrangør av 4H Buskerud sin årlige fylkesleir i 2023. I Buskerud er det hele 35 stk 4H-klubber, med til sammen 856 medlemmer. 200 av disse er ventet å komme på fylkesleiren som blir arrangert på Hallingmarken på Nesbyen, 21.juni – 25. juni

Forespørsel om støtte

I anledning fylkesleiren 2023 håper vi at dere har mulighet for å støtte opp om ett flott tilbud til barn og ungdom. Ditt bidrag vil være med å lage ett spennende og variert leirprogram, der faglige aktiviteter gjennom ulike emnekurs er en viktig del av arrangementet. Videre blir det lek og moro for deltakerne, volleyballturnering og en aktivitets og bli kjent dag. Denne dagen skal også gi litt kunnskap om vertskommunen.

I 4H arbeider vi alltid etter mottoet "Å lære ved å gjøre", og derfor vil også medlemmer i alderen 12-18 år være med i planlegging og gjennomføring av leiren.

Etter pandemien har det vært utfordrende å komme i gang igjen med organiserte aktiviteter. I tillegg vil den økonomiske situasjonen, med økte strømpriser og renter, gjøre det vanskelig for mange familier å kunne prioritere 4H leir.

I år er det derfor ekstra viktig å finne sponsorer som kan yte økonomisk bidrag til leirstøtte. Vi har et mål om å redusere leiravgift pr barn frå kr 1200,- med minst 50% og søker derfor sponsorer som kan bidra i størrelses orden kr. 25 000,- - kr. 50 000,-

Vi utarbeider ett leirprogram som blir sendt alle medlemmer i 4H Buskerud og våre støttespillere. Som takk for støtte vil vi tilby reklame/logo i dette leirprogrammet. Det kan også være muligheter for noe markedsføring på selve leirområdet, men dette må avtales særskilt.

Vi er glade for alle bidrag og ber om at dere fyller ut og returnerer vedlagte skjema dersom de ønsker å støtte oss.

Med vennlig hilsen

Janne Noreng
Leirsjef

Kristian Noreng
Ansvarlig sponsor/støtte

Vedlegg 4

Søknad om støtte til 10. klassefestival 2023

Ønsker å takke Regionrådet i Hallingdal for støtta på 120.000,- gjeve til 10. klassefestival 2021. Det var til svært stor nytte for å koma igang at i 2022 etter ei covid 19 pause i 2021.

Skjærgårds Live Ål (SG Live) har tre gonger arrangert avslutningsfestival for alle 10. klassingar i Hallingdal på Badeplassen i Ål. Festen har vore avvikla torsdagen i den siste skuleveka, i år blir det tirsdag 20.06.23.

På programmet har det vore konsert med ein toppartist som m.a. Halie og Daniel Kvammen, aktivitetar på land og på vatnet, konkurransar og sal av mat. Ved hjelp av gode sponsorar har det også vore premiar, der hovudpremien har vore ein topp utstyrt offroad-sykkel (levert av Tretterud Sport).

Arrangementet har tatt over for ei årrekke med ein fest i regi av ungdom, med til dels store utfordringar med fyll og bråk. Målet med arrangementet er nådd – ein rusfri fest for alle 10. klassingar der nærare alle har delteke. På festivalen i 2019 var det om lag 200 deltakarar. 10. klassingar i alle kommunane var inviterte. Festen for 2020 vart dessverre avlyst, men var i gang att juni 2022.

Me har vist at ein slik rusfri festival er mogleg å arrangere. Festivalen har vore gratis for ungdomane. Det har vore mogleg gjennom støtte frå lokalt næringsliv, enkelte kommunar, ungdomsråd, Sparebankstiftelsen Hallingdal Valdres og legatmidlar. Årets arrangement er i stor grad basert på egne midlar i SG-Live Ål, grunna at me ikkje har fått på plass andre tidligare aktørar.

Me vender oss på ny til regionrådet med ynskje om å få støtte til arrangementet over tid. Dette for å gjere planlegging av arrangementet lettare og meir forutsigbart. Slik det har vore dei to åra me har arrangert festivalen, har me jobba iherdig og lenge med økonomien, før me kunne vere sikre på at arrangementet har vore mogleg å gjennomføre. Arrangementet har eit budsjett på om lag kr 200 000,-, noko som inkluderer alt: artist, scene, aktivitetar, busstransport, DJ og utstyr. I tillegg er det lagt ned fleire 100 dugnadstimar for å få arrangementet i boks. I tillegg har me fått til eit svært godt samarbeid med FAU, foreldre, politiet, Røde kors mtp sikkerheit og skulane mtp promotering og informasjon om arrangementet.

Tilbakemeldingane frå ungdom og foreldre har vore eintydig: dette er eit arrangement dei verkeleg ynskjer og ser som svært positivt for ei god avslutning, utan uro om kven, kva eller kvar dei skal ha avslutningsfesten sin – alle vil på Badeplassen! Der er det program og det er det trygt for alle.

Etter samtalar tidlegare år med kommunane, særleg rådmannen og ordføraren i Ål, SAFT (koordinerande eining mot rus) og politiet ber dei om at ein søknad vert retta til regionrådet.

Regional støtte trur me er eit viktig signal og at dette ei flott markering å gje ungdomane etter 10. års skulegang. Festen er også på tvers av kommunegrensene – det ser me er veldig bra for ungdomane våre – dei blir betre kjent før ein del av dei skal møtast på vidaregåande.

Me søker med dette regionrådet om ei årleg støtte på kr 150 000,- til arrangementet.

Dersom de ynskjer meir informasjon om festivalen og økonomi, er det berre å ta kontakt! Me håpar på positivt svar på søknaden.

Med beste helsing
Skjærgårds Live Ål

Camilla Svanaasen, Anne Kristin Thoen Haugen, Odd Egil Kaslegard, Eirik Laa, Øystein Kilde, Jon Birger Joranger, Kjetil Vesterøy